



TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET | OSLO
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 5

2013

ÅRGANG 28

Klubbefesten



2. november 2013

*Sogn og Fjordanelaget i Oslo
ynskjer alle
Vel møtt*

No skjer det

Me har hatt ein eineståande fin seinsommar og september i år og kan gle oss til innelivet no fram imot jul. Aller fyrst er det

Klubbefesten laurdag 2. november, med den eminente trekkspelaren **Linda Gytri** frå Oldedalen! Ho trakterer trekkspelet og har med seg **Dag Vanberg**, ein sær s dugande diktlesar, både av Jakob Sande og Elling Vanberg, og god songar. Han vert også kjøkemeister på den 85. klubbefesten. Me skal dessutan markera at heimfylket er 250 år, og får framsyning av springar frå Indre Sogn. **Sjå midtsidene, få med deg kjende og meld dykk på!**

Lagshyttene

På Pustut er både kjøken og matstove ferdigmåla, elektrikaren har gjort sin jobb og nokre få lagsfolk har rydda og gjort reint. Men det står ein del att, så me må slå frå oss smalahovehelg denne hausten. Og offisiell gjenopning av Sunnfjordhytta vert fyrst til våren, det er finast då.

Ringen

har allereie teke til med sine faste tysdagsøvingar og vil dessutan ha kurs og anna i haust, sjå deira nettsider om det. Dei ynskjer nye og gamle medlemmer og andre velkomne.

Elles kan me tipsa folk i laget og ringen om ein skikkeleg stor dansefest på Riksscena for folkemusikk og folkedans (i Schouskvartalet nedst på Grünerløkka) laurdag 19. oktober kl. 19, med både konsert og dans til fleirfaldige spelemannslag.

Og kvelden før, fredag 18. oktober kan du gå på konsert med Aasmund Nordstoga og Åsmund Reistad, som framfører songar av Aasmund Olavsson Vinje på Litteraturhuset kl. 19.

Fylg med på nettsidene våre: <http://www.sognogfjordanelaget.no/> og <http://www.sognogfjordaneringen.no/>

Alv Reidar Dale

Lagsleiar

KNALLPROGRAM PÅ KLUBBEFESTEN

– ein fest for fjordingar, sogningar og anna godt folk...

laurdag 2. november 2013 kl 19.00 er det duka

Set av kvelden 2. november med det same, for då kjem dei to du ser her med eit prima program! Duoen Linda Gytri & Dag Vanberg frå Oldedalen og Innvik i Nordfjord skal underhalde på den tradisjonsrike Klubbefesten!

Linda Gytri, nominert til årets Folkelarmpris, spelar trekkspel og har hausta glitrande kritikkar for soloplatå si *Um-bra* i fjor haust (CD-en kan du kjøpe på festen og sikkert få signert). Ho spelte seg til tittel-en Norgesmeister alt som 18-åring, og har no mastergrad i folke-musikk og underviser i kulturskulen i Stryn.

FOTO: Ole Eitvik Foto ©

Dag Vanberg er ein framifrå diktlesar og formidlar av gamle folkesongar, er oppteken av lokalhistorie og har

mange gode forteljingar på lur. Saman vil dei underhalde med trekkspeltonar, tekstar av Elling Vanberg og songar etter Dag sin beste-

far Ola M. Vanberg. Her blir det rom for feiande valsar, gode skrøner – både skjemt og litt alvor, på underfundig, nordfjordsk vis.

Klubbefesten, haustens kulinariske og kulturelle høgdepunkt for utflytte fjordingar og sogningar og nærskyldte, samlar folk

ved festpynta langbord i Storsalen fyrste laurdagen i november kvart år! Klubben vert som vanleg laga på steinmale byggmjøl frå

Fjelli, med mykje godt til. Og Nordfjordsongen, Klubbevisa og eit par andre blir sungne av full hals og på mett mage. Dansemusikken, **Fante-laddane** – med innslag av folk frå fylket, syter for drivande godt dansespel.

Så få med deg folk og kom på Klubbefesten i Storsalen i Nordahl Bruns g. 22, laurdag 2. november kl. 19!

Påmelding og pris:

Festen kostar berre 300 kr. for medl. og 400 kr. for andre. Det er svært rimeleg for full middag, fyrsteklasses underholdning og dans til levande musikk!

Påmeldingsfrist er måndag 28. oktober.

Meld dykk på anten til: Jofrid Holter, e-post: jofrid.holter@hioa.no tlf. 975 91 542, eller til: Anny Sollid, e-post: anny.sollid@online.no

for duoen Linda Gytri & Dag Vanberg!

Springar frå Indre Sogn

Vi har vore så heldige å få Bjørg Neverdal Berge og Kjell Berge til Oslo for å halde grunnkurs i "Springar frå Indre Sogn".

Dei har vunne D-klassen på landskappleik og var for ein del år sidan instruktørar på Sogn og Fjordaneringen sitt haustkurs i Enebakk. Felespelar Atle Haugen, som er frå Årdal og er leiar i Huldraleiken Hardingfelelag, står for musikken.

Kurset vert halde i Storsalen i Nordahl Brunsgate 22 og går over to tysdagskveldar, 5. og 12. november. Det varer frå kl. 18 til kl. 20.30, og frå 19 – 19.30 er det kaffepause med videoframsying. Deretter vert alle som går på kurset inviterte til å vere med på leikøving fram til kl. 22. Kurset er gratis for medlemmar og kostar kr. 50 for andre.

Vi vonar at mange nyttar dette spesielle høvet til å lære ein ekte gamal bygdedans frå Sogn.

Helsing Tone Eid



Osteselskap på Nordfjordhytta 21. - 22. september Osteparty med bursdagsfeiring og redningsaksjon

Helga 21.-22. september gjekk det tradisjonsrike osteselskapet på Nordfjordhytta av stabelen. Strålende ver og jamt sig av partydeltakarar utover laurdagen. Litt dugnadsoppgåver høyrer med for å skjerpe appetitten, mellom anna litt vedhogst. Ingeborg fekk ny oppleving som assistent ved tømning av musefeller.

Som forrett til det store ostemåltidet på kvelden kunne vi nyte nydeleg blautkake som bursdagsbarnet Randi hadde teke med. Kremen vart piska i tynn fjell-luft på Solfjell med god gamaldags hjulvisp.

Før ostemåltidet fekk vi melding frå Anne-Lise som var på veg til hytta på sykkel. Ho hadde punktert, og var i ferd med å gjere vendereis til fots.

Redningsmannskap vart straks sendt ut og fekk den uheldige syklisten i hus til dekkja festmåltid.

Bursdagsbarnet, som i fjor vart råka av høgdesykje, klarte den tynne lufta fint i år, og var naturlegvis kveldens midtpunkt.



Lang frukost med osteskalkefest. Rundt bordet frå venstre: Ingeborg Fagnastøl, Astrid Gjørven, Olav Kvam, Oskar Jahnsen, Valbjørg Grønvik, Marta Reksten, Anne-Lise Berggren og Randi Solheim. Foto: Dagfinn Aa.

PROGRAM FOR HAUSTEN 2013

Tilskippingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar.

Følg med på <http://www.sognogfjordanelaget.no/> og <http://sognogfjordaneringen.no>

Kvar tysdag	Kl. 18–22 folkedansøving i Storsalen. Første gong 27/8.
Tysdag 3 og 10/9	Nybyrjarkurs i folkedans, Ringen
Helga 21-22/9	Osteselskap på Nordfjordhytta
Laurdag 2/11	Klubbefest
Tysdag 5 og 12/11	Kurs i Springar frå Indre Sogn
Tysdag 10/12	Juleavslutting i Ringen

Lagsavisa - fristar mm.

Frist for innsending av stoff til den neste avisa er 26/11. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Nemnda er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt som e-post til agnar.kvellestad@nvh.no. Alternativt til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Ev. kontakt oss på tlf. Bilete er velkomne; helst digitale, men tek også imot papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvellestad (tlf.nr. på baksida), Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal.

VIKTIG MELDING – MEDLEMSPENNGAR:

Det vart rett før påske sendt ut e-post til alle me har slik adresse på, med oppmoding om å betala medlemspengane, som framleis er 350 kroner i året, innan 15. april. Dei som måtte ha oversett 'kravet' eller har gløymt det, gjer vel og betal inn til laget sin konto **0531 27 71723**. Merk innbetalinga med fullt namn, og kryss av for kvittering dersom du vil ha det.

No vert lagsbladet Tre Fjorlar sendt ut berre i digital form til alle laget har e-postadresser til, me bed folk senda inn e-postadressa si til hilmar@getmail.no, slik at de kan få kunngjeringar med e-post også mellom utgjevingane. Dei som ikkje har slik adresse, får framleis papiravisa.

A

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo

STYRET

Leiar: Alv Reidar Dale 47 33 18 64 (p) - 22 85 63 48 (a)
a.r.e.dale@admin.uio.no

Kasserar: Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63
hilmar@getmail.no

PRESSE & PR

Leiar: Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96
agnar.kvellestad@nvh.no

HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)
agnar.hegrenes@nilf.no

Kontakt Sunnfjordhytta:

Andor Gjelsvik 21 92 02 05 (p) - 22 36 72 56 (a)
andorgj@frisurf.no

Kontakt Nordfjordhytta:

Dagfinn Aa 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)
daa@ssb.no

SOG OG FJORDANDERINGEN

Leiar: Anne-Lise Berggren 67 14 11 95 (p) - 67 14 73 50 (a)
alb@geofrost.no